

# RAPPORT - Forprosjekt kunst- og kulturaktører i Hardanger

## Saksnummer 2017/847

### **Deltakarar i forprosjektet har vore:**

Harding Puls  
Kunstnarhuset Messen  
Hardanger Kunstlag  
Sentralbadet Litteraturhus  
HardingarT  
Kunsthuset Kabuso  
Olav H. Haugesenteret  
Hardanger Kulturråd  
og delvis Hardanger og Voss Museum

### **Møte 28. august 2017 i Galleri Puls i Norheimsund.**

Nokre av aktørane møttes til den fyrste samlinga. Me hadde og med oss ein representant frå kulturavdelinga hjå Hordaland fylkeskommune, ein representant frå Hardangerrådet og ein representant frå Hardanger Kulturråd.

#### **Hovudspørsmålet var:**

Korleis kan me i fellesskap profilera oss slik at våre tiltak i Hardanger får meir "tyngde"?  
Korleis kan me spela på kvarandre? Og korleis kan dei enkeltstående aktørane overleva.

### **Møte 12. september 2017 i HardingarT på Utne.**

Me utvida gruppa med Kunsthuset Kabuso i Øystese og Olav H. Haugesenteret i Ulvik.

#### **Stikkord frå møtet:**

Gruppa ynskjer å skapa eit fora der me i fellesskap kan heva oss som regionale kulturaktører både innan kompetanse og synleggjering.  
Kva steg må me ta for å kome vidare i prosessen som me har sett i gang med møta våre ?

### **Møte 31. oktober 2017 i Kunsthuset Kabuso i Øystese**

Til dette møte inviterte me Natalie Golis som er leiar for *Team Hardanger*.  
*Team Hardanger* er kommunane sine næringsutviklarar sitt fellesorgan.

**Natalie Golis** fortalde om kva *Team Hardanger* arbeider med og drog fram kunst og kultur som viktige element i deira arbeid med mellom anna å:  
Utvide turistsesongen med fleire tilbod i lågsesongen.  
Tettare og kreative samarbeid mellom ulike aktører .  
Sy saman pakkar med natur, kultur, mat osv.

### **Møte 30. januar 2018 i Sentralbadet Litteraturhus i Odda.**

#### **Tema som me tok opp:**

Godkjenning av at kunst- og kulturaktører har ein eigen kompetanse og verdi som kan brukast i samarbeid med det offentlege styre og i det private næringslivet.  
Eit anna tema var entreprenørskap og salsledd.

## Møte 09. februar 2018 i Kunstnarhuset Messen i Ålvik.

Til dette møtet inviterte me Hans Jørgen Andersen frå Reisemål Hardangerfjord og Marit Stadheim frå Destinasjon Eidfjord.

**Hans Jørgen Andersen** kom med mykje god informasjon om korleis reiselivsnæringa fungerer. Han kom og med tips til korleis kunst og kultur kan seljast inn til besøkjande både frå nærområde og til dei langsvegsfarande turistane.

**Marit Stadheim** la vekt på å lag ei forteljing om det kulturelle Hardanger. Og at det bør skapast ein salskanal for kunst- og kulturopplevingar i Hardanger, med ei adresse der ein bestiller og betalar.

## Møte 13. april 2018 på Olav H. Haugesenteret i Ulvik

Til dette møtet inviterte me til å halde innlegg:

Kjersti Bjørke               frå Hardanger Næringshage  
Natalie Golis               frå Team Hardanger  
Randi Bårtvedt             frå Hardanger og Voss museum

**Kjersti Bjørke** formidla mykje god kunnskap som har vore nyttig i vidare arbeid med å utvikla nettverket vårt og kva mål gruppa skal ha.

**Natalie Golis** gav oppdatering om *Team Hardanger* sitt arbeid.

**Randi Bårtvedt** fortalde om Hardanger og Voss Museumt sin ståstad og rolle. Og ho kom med gode innspel til gruppa sitt mål, oppgåve og argument.

**Kjersti Bjørke frå Hardanger Næringshage** vart bedt om å bistå ei arbeidsgruppe i arbeidet med søknad om prosjektmidlar for eit 3-5-årig hovudprosjekt.

## Møte 14. mai 2018 på biblioteket på Utne

Kjersti Bjørke frå Hardanger Næringshage hadde arbeidsmøte med:

Ingvild Ystanes             frå Sentralbadet Litteraturhus  
Stig Lundblad Sandbakk   frå Kunstnarhuset Messen  
Solfrid Aksnes             frå Harding Puls  
Lisbeth Celik Bygstad     frå Hardanger Kulturråd

Heretter vert (arbeids) tittelen på gruppa: **KulturKraft Hardanger.**

### **Fyrste styret:**

Stig Lundblad Sandbakk - styreleiar  
Ingvild Ystanes - styremedlem  
Solfrid Aksnes - Styremedlem

### **Adressa til KulturKraft Hardanger er:**

Kunstnarhuset Messen, Postboks 4, Ålvikvegen1065, 5614 Ålvik

Søknad vart utforma og sendt til Hordaland fylkeskommune sine KUP-midlar og til Norsk Kulturråd sine midlar for Regional bransjeutvikling. Søknad til Sparebankstiftinga Hardanger verte sendt i veke 39.

<b>Utgifter forprosjekt</b>	<b>budsjett</b>	<b>rekneskap</b>
Møter, materiell, leige domene	kr. 5 000	kr. 487
Referat og planarbeid	kr. 20 000	kr. 15 000
Søknadsskriving og kontaktar	kr. 20 000	kr. 10 026
Diverse, eigendel løn møter	kr. 5 000	kr. 10 000
<b>Sum</b>	<b>kr. 50 000</b>	<b>kr. 35 513</b>

<b>Finansiering forprosjektet</b>		
Hardanger Kulturfond	kr. 20 000	kr. 10 000
Hordaland fylkeskommune	kr. 20 000	kr. 15 000
Eigendel aktørane til saman	kr. 10 000	kr. 10 513
<b>Sum</b>	<b>kr. 50 000</b>	<b>kr. 35 513</b>